



Knut Willie Jacobsen  
Garvik  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/577 - 18/14929

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
08.05.2018

## Foreløpig svar på søknad - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 200/5 Sjausæter

Tiltak: Hestestall  
Byggjestad: Gbnr: 200/5 Kleivdalsvegen 290  
Tiltakshavar: Bjarte Lunde  
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Knut Willie Jacobsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.02.18.

Grunna stor pågang har vi dessverre ikkje hatt høve til å gjennomgå søknaden dykkar tidlegare.

Det ligg og føre søknad om avkøyrsløyve motteke 21.02.18, søknaden er pt. ikkje handsama. For handsaming av søknad om avkøyrsløyve ber vi om at de tek kontakt med Teknisk drift vegavdelinga.

### Planstaus

Eigedomen er omfatta av kommunedelplanen sin arealdel for 2011-2023 arealet er i kommuneplanen avsett til LNF-føremål.

Hestehald inngår i utgangspunktet ikkje i LNF-føremålet. Søknaden vert difor sendt på høyring til landbruksavdelinga for avklaring av om tiltaket er i samsvar med LNF-føremålet og om tiltaket krev vedtak etter jordlova for omdisponering av landbruksareal og vurdering etter gjødsselforskrifta.

Søknaden vert og sendt på høyring til teknisk drift med omsyn til at tiltaket ligg i nedslagsfeltet rundt reservevasskjelda Sjusetvatnet.

Fram til det er avklart om tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet og evt. jordlovshandsaming kan ikkje søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova handsamast.

Så lenge det ikkje ligg føre avkøyrsløyve til offentleg veg kan ikkje søknad om etablering av ny avkøyrsløyve og veg ferdighandsamast.



Vi ber om at det vert sendt inn lengdesnitt og tverrsnitt av veg og avkøyrsløse som syner stigningstilhøve.

### Privatrettslege tilhøve

Søknaden er ikkje signert av heimelshavar, det ligg ikkje fullmakt frå heimelshavar til ansvarleg søkjar/tiltakshavar som gjev rett til å forestå søknad. Søknaden må enten signerast av heimelshavar, eller det må leggjast ved fullmakt frå heimelshavar som gjev rett til å forestå søknad.

I erlæring om ansvarsrett frå Bjarte Lunde v/Lunde3bygg as er det ikkje haka av for erklæring som utførande:

Erklæring og underskrift	
Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger. Foretaket forplikter seg til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket jf. SAK10 kap. 10 og 11	
<input type="checkbox"/>	Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl jf. SAK10 §12-3
<input type="checkbox"/>	Ansvarlig utførende erklærer at arbeidet ikke skal starte før det foreligger kvalitetssikret produksjonsunderlag for respektive del av utførelsen jf SAK10 § 12-4
<input type="checkbox"/>	Ansvarlig kontrollerende erklærer uavhengighet, jf. SAK10 § 14-1, og vil redegjøre for endringer som kan påvirke uavhengigheten jf. SAK10 §12-5
Date	Underskrift
05.02.2018	
Gjentas med blokkbokstaver	
BJARTE LUNDE	

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Fullmakt frå heimelshavar av gbnr 200/5 evt. søknad signert av heimelshavar
2. Oppdatert erklæring om ansvar frå Gamle3bygg as
3. Lengdesnitt av veg som syner stigningstilhøve, samt tverrsnitt.
4. Vi gjer merksam på at resultat av at søknad vert sendt på høyring kan vere at de må søkje om dispensasjon frå LNF-føremålet for dei omsøkte tiltaka.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.06.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Arkitekt Knut Willie Jacobsen	Lurevegen 304	5912	SEIM
Bjarte Haga Lunde	Kleivdalsvegen 290	5915	HJELMÅS
Bjarte Lunde	Kleivdalsvegen 290	5915	HJELMÅS

**Mottakarar:**

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
----------------------	--------	------	------